

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

## **Godkjende vurderingsformer ved Nord universitet – med verknad frå 1.august 2019 (Rektorvedtak 04.07.2019)**

Viser til forskrift om studium og eksamen ved Nord universitet: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-01-31-63>

- Det skal kome fram av emneskildringa om eksamen er individuell eller i gruppe.
- I tilfelle der vurderinga gjennomførast som gruppeeksamen skal gruppa gjevast same karakter.
- Kandidaten skal sikrast anonym sensur ved alle eksamenar der ikkje vurderingsforma gjer det umogleg.

<b>Undervisningsaktivitetar</b>		<b>Vurd.uttrykk</b>	<b>Tilråding System</b>	<b>Ansv. eining</b>	<b>Skildring</b>	<b>Døme</b>
<b>AK/AR</b>	Arbeidskrav Arbeidskrav Assessment task	Godkjend/ ikkje godkjend	Fagpersonweb	Fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Del av type undervisningsvurdering der det kan gjevast rettleiing undervegs.</li> <li>• Arbeidskravet kan arbeidast vidare med fleire gongar før endeleg levering.</li> <li>• Setjast hovudsakleg som vilkår for å få gå opp til eksamen.</li> <li>• Ved ikkje godkjend (=ikkje levert) vil studenten kunne nektast eksamenstilgang.</li> </ul>	Kan brukast som ulike innleveringsarbeid /aktivitetar. Døme kan vere akademisk skriving, fagtekst, refleksjonsnotat osv.
<b>OD/-</b>	Obligatorisk deltagelse Obligatorisk deltaking	Godkjend/ ikkje godkjend	Fagpersonweb	Fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Obligatorisk deltaking tek hand om</li> </ul>	Kan brukast ved undervisningsaktivit

	Compulsory participation				<p>aktivitet/undervising som gjev ein vesentleg kompetanse (ferdigheit) som ikkje let seg prøve ved ordinær eksamen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan setjast som vilkår for å gå opp til eksamen eller for å få endeleg karakter i eit emne.</li> </ul>	etar som lab, ferdigheitsøving, ekskursjonar, gruppeøvingar osv.
<b>Eksamensaktivitetar</b>						
	Namn	Vurd.uttrykk	Tilråding System	Ansv. eining	Skildring	Døme
SK/SK	Skriftlig skoleeksamen Skriftleg skoleeksamen Written school examination	A-F, Bestått/ikkje bestått	Inspera	Eksamen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eksamén under tilsyn.</li> <li>• Individuell skriftleg eksamen i universitetet sine lokale.</li> <li>• Gjennomførast digitalt eller med penn og papir.</li> </ul>	
HJ/H	Hjemmeeksamen Heimeeksamen Take-home examination	A-F, Bestått/ikkje bestått	Inspera	Eksamen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eksamén utan tilsyn.</li> <li>• Fastsett og avgrensa tid for utlevering og innlevering.</li> <li>• Kan gjennomførast individuelt eller i gruppe.</li> </ul>	
OP/O	Oppgave Oppgåve Written assignment	A-F, Bestått/ikkje bestått	Inspera	Eksamen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skriftleg/praktisk arbeid utan tilsyn</li> <li>• Fast dato for innlevering</li> <li>• Det kan gjevast rettleiing, men ikkje heilt fram til innleveringsfrist.</li> </ul>	Semesteroppgåve, bacheloroppgåve, masteroppgåve, tema, prosjekt.

					<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan gjennomførast individuelt eller i gruppe.</li> </ul>	
<b>MA/L</b>	Mappe Mappe Portfolio	A-F, Bestått/ikkje bestått	Inspera	Eksamens	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleire element som samla utgjer eit vurderingsgrunnlag og som etter ei heilsapsvurdering gjevest ein samla karakter.</li> <li>• Fast dato for ferdigstilling/innlevering.</li> <li>• Arbeida/mappedelane skildrast i emneskildringa.</li> <li>• Kan gjevest rettleiing på kvar enkelt del.</li> <li>• Skal ikkje innehalde ulike sjølvstendige vurderingsformer.</li> </ul>	Til dømes skriftlege arbeid, artsprøvar, lab.øving, refleksjonsnotat, kunstnarisk arbeid e.l. som inngår i same mappe. Skal ikkje innehalde ulike sjølvstendige vurderingsformer.
<b>MU/M</b>	Muntlig Munnleg Oral examination	A-F, Bestått/ikkje bestått	Fagpersonweb	Fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Munnleg eksaminasjon med fastsett og avgrensa tid for gjennomføring.</li> <li>• Kan gjennomførast individuelt eller i gruppe</li> </ul>	Kan også vere presentasjon.
<b>PE/T</b>	Praktisk eksamen Praktisk eksamen Practical examination	A-F. Bestått/ikkje bestått	Fagpersonweb	Fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisk eksamen som kan innehalde skriftleg rapport, munnleg utspørjing el. som del av heilskapleg vurdering.</li> <li>• Fastsett og avgrensa tid for gjennomføring.</li> </ul>	Vurdering av studenten i praktisk arbeid som på kjøken, lab, scene, ferdighetstrening el.
<b>PR/P</b>	Praksis Praksis Professional practice	Bestått/ikkje bestått	Fagpersonweb	Fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan innehalde skriftlege rapportar e.l. som ein del av heilsapsvurderinga.</li> </ul>	Praksis der studenten deltek i normalt arbeid i

						aktuelt fagmiljø i verksemd/øvingsarena el.
<b>(OMU)</b>	Oppgåve med justerande munnleg	A-F	Inspera/ Fagpersonweb	Eksamens/fakultet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurderingsform som består av eit sjølvstendig arbeid som gjevest ein førebels karakter.</li> <li>• Karakteren kan justerast til gunst eller ugunst på bakgrunn av etterfølgjande munnleg eksaminasjon, presentasjon eller prøveførlesing.</li> <li>• Ved klage på sensur er det skriftlege arbeidet gjenstand for klage.</li> <li>• Både førebels og endeleg karakter skal registrerast i FS.</li> </ul>	Døme er masteroppgåver med munnleg justering.
<b>SV/SA</b>	Sammensatt vurdering Samansett vurdering Compound assessment	A-F, Bestått/ ikkje bestått			<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inga sjølvstendig vurderingsform, men eit uttrykk for korleis fleire sjølvstendige vurderingsformer kan slåast saman og vektast.</li> </ul>	